LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

Arne Haugen VVA- prosjektering
Thor-Henrik Fredriksen
Fabrikkgt 7
5059 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Trygve Solberg | 08.10.2014 |
| Vår: 14/6334 - 14/22759 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest - gbnr 188/743 Gjervik ytre veg- vatn og avlaupsanlegg

**Tiltakshavar:** Lindås Tomteselskap AS, 5914 Isdalstø
**Ansvarleg søkjar:** Arne Haugen VVA – prosjektering, 5059 Bergen
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.11.2011. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 29.08.2014.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Langheiane, bustadfelta B3, B4 og B5. |
| Bygningstiltak: | Veg-, vatn- og avlaupsanlegg |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Kommunalt |

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 vert det gjeve ferdigattest for veg-, vatn- og avlaupsanlegg på gnr. 188, bnr. 743.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Tor Hegle<br>einingsleiar | Trygve Solberg<br>sakshandsamar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lindås Tomteselskap AS | Hagelia 4 | 5914 | ISDALSTØ |